

**GJERDE OG LEVEGG**

Send søknaden til:

**Bremanger kommune**  
**Rådhuset**  
**Postboks 104**  
**6721 Svelgen**

**Definisjonar:**

- Gjerde:** Innhegning med enkle, lette konstruksjonar som skal hindre ferdsel, til dømes flettverksgjerde eller andre gjerde som ikkje er tette. Opne delar bør utgjere minst 50 % av konstruksjonen.
- Levegg:** Tett skjerm / konstruksjon som skal hindre innsyn, skjerme mot støy, vind, lyd eller liknande.

**Kva slags gjerde og leveggar er søknadspliktige og kva typar er unntatt frå søknadsplikt?**

Når du skal setje opp gjerde eller levegg er det tre ulike kategoriar som er aktuelle. Avhengig av plasseringa av gjerdet / leveggen, utforming, maksimal høgde over terrenget og avstand til eigedomsgrense, kan det vere at du:

1. Kan byggje utan å søkje (altså ikkje søknadspliktig).
2. Må søkje, men kan som tiltakshavar (tiltakshavar = byggherre / du som skal byggje) sjølv vere ansvarleg for søknaden og byggjearbeida.
3. Må søkje og søknaden må sendast inn av føretak som tar på seg ansvar som ansvarleg søkjar, eventuelt av tiltakshavar med ansvarsrett som sjølvbyggjar etter forskrift om byggesak (SAK10) § 6-8. Prosjektering og utføring må gjerast av føretak som tar på seg ansvar som høvesvis ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande, eventuelt sjølvbyggjar med ansvarsrett for dette. Eventuell kontroll må bli gjort av føretak som tar på seg ansvar for kontroll. Alle føretak som tar på seg ansvar må oppfylle krav til kvalitetssikring jf SAK10 kapittel 10 og krav til utdanning og praksis jf SAK10 kapittel 11.

Her er tre tabellar med meir informasjon om dei ulike kategoriane:

<b>1. Ikkje søknadspliktig etter <u>plan- og bygningsloven (pbl) § 20-5 e og g</u> og <u>SAK10 § 4-1 e nr. 1 og 3</u>:</b>	
<b>Kva type gjerde og leveggar gjeld dette for?</b>	<b>Kven er ansvarleg for kva?</b>
<b>Gjerde mot nabo</b>	Gjerde mot nabo kjem inn under føresegnene i plan-og bygningsloven berre når det er gitt føresegner om det i arealplan, som til dømes i kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan.  Dersom gjerde mot nabo ikkje er nemnt i arealplan for eigedomen, kan du setje opp gjerde utan å søkje.  Høgde inntil 1,5 m over terreng er akseptabelt i dei fleste tilfelle.  Privatrettslege reglar du må ta omsyn til finn du i <u>lov om grannegjerde og naboloven</u> .
<b>Gjerde (innhegning) mot veg med enkle, lette konstruksjonar med høgde inntil 1,5 m. Gjerdet må ikkje hindre sikta i</b>	Du kan setje opp gjerde mot veg utan søknad, dersom ikkje anna er bestemt i arealplan, som til dømes kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan. Ta gjerne kontakt med kommunen for å avklare nærare om gjerdet du skal setje opp er søknadspliktig.  Du er sjølv ansvarleg for at tiltaket (tiltaket = det du skal byggje) følger

**GJERDE OG LEVEGG**

<p><b>frisiktsoner mot veg.</b> (Sjå <u>SAK10 § 4-1 e nr. 3</u>)</p>	<p>føresegnene i <u>plan- og bygningsloven</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplanar, og andre løyve.</p> <p>Grensepåvising kan vere aktuelt då det er viktig at gjerde mot veg ikkje blir plassert utanfor eigedomsgrensa. Du kan bestille grensepåvising hos kommunen.</p> <p>Du bør samarbeide med naboane dine om utføringa, slik at fleire gjerde langs samme veg blir tilpassa kvarandre.</p> <p>Hugs at gjerde mot veg må vere utforma slik at det tåler trykket frå vanleg vegvedlikehald, som til dømes snøbrøyting.</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Levegg (skjermvegg) med høgde inntil 1,8 m og lengde inntil 10,0 m. Avstand til nabogrense må vere minst 1,0 m.</b></li> <li>• <b>Levegg (skjermvegg) med høgde inntil 1,8 m og lengde inntil 5,0 m kan bli plassert inntil nabogrense.</b></li> </ul> <p><b>Leveggen kan i begge tilfella vere frittstående eller bunde saman med bygning.</b> (Sjå <u>SAK10 § 4-1 e nr. 1 og 2</u>):</p>	<p>Du kan setje opp leveggar av denne typen utan å søkje, dersom ikkje anna er bestemt i arealplan, som til dømes kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan.</p> <p>Hugs at leveggen ikkje på noko punkt kan vere høgare enn 1,8 meter over terrenget.</p> <p>Skilje mellom seksjonar i rekkjehus, der seksjonane er delar av same eigedom, blir ikkje rekna som nabogrense. Leveggen kan derfor setjast opp i skiljet mellom seksjonane.</p> <p>Du er sjølv ansvarleg for at leveggen følgjer føresegnene i <u>plan- og bygningsloven</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplanar som kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan, og andre løyve. Leveggen må heller ikkje kome i strid med andre regelverk, som til dømes avstands- og avkøyringsreglane i vegloven eller byggeforbodssone etter <u>jernbaneloven</u>.</p> <p>Hugs at du må byggje leveggen slik at krava til konstruksjonstryggleik blir følgd.</p> <p>Vi tilrår at du informerer naboane dine før du begynner å byggje.</p>

**ByggSøk**

Dersom du skal setje opp gjerde eller levegg som er søknadspliktig, tilrår vi at du sender elektronisk søknad gjennom ByggSøk-bygning ([www.byggsok.no](http://www.byggsok.no)). Systemet er gratis og nettbasert, og du får rettleiing om utfyllinga undervegs. Ved å bruke ByggSøk får du på same tid ein kvalitetskontroll av søknaden. Mange kommunar har redusert gebyr for søknader som blir sende inn via ByggSøk.

**2. Søknadspliktige tiltak som du som tiltakshavar kan vere ansvarleg for sjølv etter § 20-4 i plan- og bygningsloven og SAK10 § 3-1:**

<b>Kva slags gjerde og leveggar gjeld dette for?</b>	<b>Kven er ansvarleg for kva?</b>
<p><b>Andre gjerde (tette, «tunge» gjerde) og andre leveggar enn dei som er nemnt i tabell 1, og som etter kommunen si vurdering kjem inn under føresegna i <u>pbl §20-4 e) «andre mindre tiltak som etter kommunens skjønn kan forestås av tiltakshaver».</u></b></p> <p>Kva gjerde og leveggar du kan søkje om sjølv som <u>tiltakshavar</u></p>	<p>Dersom kommunen vurderer at det du skal gjere kjem inn under denne føresegna, kan du som <u>tiltakshavar</u> sende inn søknaden sjølv. Du er då ansvarleg for at tiltaket følgjer føresegnene i <u>plan- og bygningsloven</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplanar som for eksempel kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan, og andre løyve.</p> <p>Kommunen kan føre <u>tilsyn</u> og be om at du mellom anna dokumenterer korleis krava i <u>byggeteknisk forskrift (TEK17)</u> blir følgde opp.</p>

## GJERDE OG LEVEGG

<p>må du altså avklare med kommunen.</p> <p>Enkelte kommunar har retningsliner for dette.</p>	
---	--

**Send inn søknaden i eitt eksemplar. Ifølgje SAK10 § 5-4 skal han innehalde:**

**Søknadsblankett**

nr. 5153\*

**Kvittering for nabovarsel og Opplysningar gjeve i nabovarsel.** Naboar og gjenbuuarar skal bli varsla. nr. 5155 og 5156  
Dersom det blir søkt om dispensasjon, må det bli varsla særskilt om dette. Du må ikkje sende søknaden til kommunen før frist for nabomerknader har gått ut. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Nabovarsel –innhald og varslingsmåtar».

**Eventuelle merknader frå naboar,** med forklaring på korleis desse eventuelt er tatt omsyn til.

**Situasjonsplan.** Kartet må vere av ny dato, og du kan bestille det hos kommunen. Du må markere plasseringa av gjerdet/leveggen med farge på kartet, og setje måla på avstandar. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Situasjonsplan – kva krevst?»

**Teikningar** i målestokk, t.d. 1:100, eller skisse. Teikningar må vise høgde og utføring. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Teikningar – kva krevst?»

**Eventuelt søknad om dispensasjon** \*. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre regelverk, er det krav om grunngitt søknad etter § 19-1 i plan- og bygningsloven. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Dispensasjon»

\* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Dei firesifra nummera til høgre i tabellen viser til blankettnummeret for byggesaksblanketten som du finn på [Direktoratet for Byggkvalitet](#) sine sider.

### 3. Søknadsppliktige tiltak med krav om ansvarlege føretak etter plan- og bygningsloven § 20-3:

Kva slags gjerde og leveggar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
<p><b>Andre gjerde</b> (tette, ”tunge” gjerde) <b>og andre leveggar enn dei som er nemnt i tabell 1 og 2.</b></p> <p>Døme på slike konstruksjonar er store tunge leveggar, skjermvegg eller innhegning som også er støyskjerm.</p>	<p>Søknad skal sendast inn av føretak som tar på seg ansvar som <b>ansvarleg søkjar</b>, eventuelt av tiltakshavar med ansvarsrett som <b>sjølvbyggjar</b>. At du skal kunne bli godkjent som sjølvbyggjar, krev at du har nødvendig kompetanse sjølv, eller at du knyt til deg nokon med slik kunnskap.</p>

**Send inn søknaden i eitt eksemplar. Ifølgje SAK10 § 5-4 skal han innehalde:**

**Søknadsblankett**, inkludert erklæring om ansvarsrett for søkjar

nr. 5174\* og 5175\*, ev. 5184\* og 5187\*

**Kvittering for nabovarsel og Opplysningar gitt i nabovarsel.** Naboar og gjenbuuarar skal bli varsla. nr. 5155 og 5156  
Dersom det blir søkt om dispensasjon, må det bli varsla særskilt om dette. Du kan ikkje sende søknaden til kommunen før frist for nabomerknader har gått ut. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Nabovarsel –innhald og varslingsmåtar».

**Eventuelle merknader frå naboar,** med forklaring på korleis desse eventuelt er tatt omsyn til.

**Situasjonsplan.** Kartet må vere av ny dato, og du kan bestille det hos kommunen. Du må markere plasseringa av gjerdet/leveggen med farge på kartet, og måla på avstandar må vere sett. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Situasjonsplan – kva krevst?»

**Teikningar** i målestokk, t.d. 1:100, eller skisse. Teikningar må vise høgde og utføring. Du finner meir informasjon i informasjonsarket «Teikningar – kva krevst?»

**Gjennomføringsplan** med oversyn over ansvarsområde inndelt i godkjeningsområde og etter tiltaksklassar, kontrollområde, ansvarlege føretak og gjennomføring av oppgåvene.

nr. 5185\*

**Erklæring om ansvarsrett** for prosjekterande, utførande og eventuelt kontrollerande

nr. 5181\* og ev. 5184\* og 5187\*

**Eventuelle uttalar og avgjerder frå andre styresmakter** som nemnt i SAK10 § 6-2 (vegstyresmakt osv.)

**Eventuelt søknad om dispensasjon** \*. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre regelverk, er det krav om grunngitt søknad etter § 19-1 i plan- og bygningsloven og byggeteknisk forskrift (TEK 17) § 6-4. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Dispensasjon».

\* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Dei firesifra nummera til høgre i tabellen viser til blankettnummeret for byggesaksblanketten som du finn på [Direktoratet for Byggkvalitet](#) sine sider.

## GJERDE OG LEVEGG

### Når kan du begynne å byggje?

Om gjerdet eller leveggen du skal byggje ikkje er søknadspliktig, kan du begynne å byggje med ein gong du har avklara at vilkåra for unntak frå søknadsplikt er oppfylte.

Om gjerdet eller leveggen du skal byggje er søknadspliktig kan du begynne å byggje tre veker etter at kommunen har mottatt søknaden, dersom desse vilkåra er oppfylte etter § 21-7 i plan- og bygningsloven:

- Søknaden er komplett, det vil seie at han inneheld all nødvendig informasjon
- Oppføring av gjerdet eller leveggen er i samsvar med gitte føresegner eller i medhald av pbl (er i samsvar med arealplan eller dispensasjon er innhenta på førhand).
- Det er ikkje nødvendig med ytterlegare løyve, samtykke eller uttale frå annan ansvarleg instans etter SAK10 § 6-2.
- Det ligg ikkje føre merknader frå naboar <sup>\*)</sup>
- Kommunen har ikkje gitt deg melding om forlenga frist for sakshandsaminga etter SAK10 § 7-3.

*\*) Dette vilkåret gjeld ikkje dersom gjerdet eller leveggen er slik at du etter kommunen si vurdering sjølv kan søkje utan å bruke ansvarlege føretak. Sjå tabell 2 og pbl § 21-7 tredje ledd.*

Er ikkje desse vilkåra fylte, må du vente med å byggje til du har fått skriftleg løyve frå kommunen. Kommunen har då frist på 12 veker til å gi deg svar. Sjå pbl § 21-7.

**Når søknadspliktig gjerde / levegg er ferdig bygd, skal du som tiltakshavar / ansvarleg søkjar be kommunen om ferdigattest.**